SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Næringsavdelinga

Sakshandsamar:
Lena Merete Søderholm
E-post: lena.soderholm@sfj.no
Tlf.: 97035449

Vår ref.
Sak nr.: 15/4279-2
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
18683/15

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 21.08.2015

The Seafood Innovation Cluster
v/Benedicte Skogen

Sandviksboder 1E
5035 Bergen

Svar - Invitasjon til deltagelse i Ocean Talent Camp Vest sin styringsgruppe samt finansiering

Syner til e-post frå Kjersti Meredith-Soldal datert 6. mai med førespurnad om delfinansiering av- og deltaking i styringsgruppe for Ocean Talent Camp sitt arrangement i Bergen hausten 2015. I tillegg har det vore påfølgjande korrespondanse der vi på førespurnad fekk tilsendt prosjektskisse samt budsjett for tiltaket.

Etter nærare dialog, og i forståing med Kjersti Meredith-Soldal vart vi før sommaren einige om at Sogn og Fjordane fylkeskommune stiller seg avventande til arrangementet, og at Hordaland fylke vert den regionen ein sett i fokus i 2015.

Hovudårsakene til dette er at fylkeskommunen allereie arrangerer årlege marine rekrutteringsleirar for same aldersgruppa, eit tiltak som dei seinare åra har vore særs attraktivt. Vi ser også dei praktiske og kostnadsmessige utfordringane med å frakte skuleklasser til Bergen for å få gjennomført opplegget på eit forsvarleg sett. I tillegg vil denne aktiviteten ikkje vere heilt i tråd med dei satsingane Næringsavdelinga prioriterer ved gjennom-føringa av Verdiskapingsplanen (og vidare under tema Sjømatnæringane).

Vi ynskjer dykk til lukke med arrangementet i haust!

Med helsing

Lena Merete Søderholm
fagkoordinator havbruk/fiskeri

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi til: Hovudutval for plan og næring